

HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for februar 2022.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Anne Gry Eilertsen
Visepres:	Idar Flø
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Oskar Grimstad
Styremedlem:	Idar Flø
Ansv.red.:	Hans Gisle Holstad
Referent:	Johan Ole Brandal

Nu falder Sneen i tette lag

Nu falder Sneen i tætte Lag,
Og Drengen har ingen Hvile.
Det blev nok en Hoben Mile,
Hvad han kan løbe den hele Dag.

Her slæber han Gaarden af Sne-Blokke fuld,
Og former Soldater drøie;
Det volder ham Slid og Møie.
Han giver Soldaterne Øine af Kul.

Saa ruller han Sneen med al sin Kraft,
Mens Kæmperne staa der og kneise;
Han vil dem et Brystværn reise.
Til Landse han gi'r dem et Kosteskraft

Og nu er han færdig, og nu er han mat;
Hans Hænder er frosne og ømme.
For alle de stærke Drømme
Faar Drengen vist en urolig Nat.

Man hører ham juble, den lille Mand:
"Imorgen skal Slaget stande!"
Da løse sig Himlens Vande,
Og alle hans Kæmper blive til Vand.

Johan Sebastian Welhaven

Referat frå Rotarymøte 7. februar 2022.

Denne mandagen hadde vi besøk av kystdirektør Einar Vik Arset.



Einar Vik Arset er tidligare Rådmann (kommunedirektør) i Ulstein kommune og er busett i Ulsteinvik.

Sidan 2018 har han vore kystdirektør i Kystverket, og har sin arbeidsplass i Ålesund.

Kystverket har eit svært arbeidsfelt som spenner frå fyr og merketenester, sjøsikkerheit, beredskap, forureining, trafikkentraltenester, lostenester, osv. Kystverket sin visjon er å utvikle kysten og havområda til verdens sikraste og reinaste.

I dag er kystverket i full gang med digitalisering av det maritime Norge. Dette er ei svær oppgåve som krev stor innsats og eit framtdsretta blikk på framtida.

Kyst- og havområda som hører Norge til

er store og viktige og krev kontinuerleg overvakning og beredskap.

Kyst- og havområda har tradisjonelt vore svært viktige for nasjonen, og framleis byr kysten og havet på mange muligheter og oppgåver for det moderne Norske samfunnet.

Sjøsikkerheit og beredskap er viktig for Kystverket, og bygging av Stad skipstunnel er eit stort og viktig bidrag i så måte.

Dette blir verdas aller første fullskala skipstunnel.

Den blir 2,2 kilometer lang frå ende til ende, 50 meter høg, med ei seglingshøgd på 36 meter, og den vil få ei bredde på 36 meter. Djupgåande for fartøy vil vere maks 12 meter.

Hurtigruten og Kystruten vil kunne få sikker seglas forbi det stormfulle Stadlandet, forutan alle dei andre fartøya som kan gjere seg nytte av tunnelen.

Byggetida er foreløpig berekna til ca 5 år, og kostnadsramma er førebels 3,4 milliardar kroner (eks. mva.)

Å leie og utvikle Kystverket og ei stor og viktig oppgåve, og vi i Hareid Rotaryklubb ynskjer Einar Vik Arset all lykke i det vidare arbeidet, samstundes som vi takkar for eit svært godt og interessant foredrag.

Referat frå Rotarymøte

14. februar 2022.

På dette møtet skulle Odd Arne Holstad halde egoforedrag. Han melde fråfall grunna sjukdom.

Hans Gisle Holstad steppa inn på kort varsel med tema .

«Fotball før og no».



HGH fortalte oss om

fotballen si historie. Ein leik med ball som byrja i Kina lenge før vår tidsrekning. Og då med bruk av både armar og føter for å flytte på ei ballkule.

Korleis spelet kom til Europa og seinare USA

England som pådrivar for å utvikle spelet til det vi kjenner i dag.
måten å organisere spelarane på banen.

HGH fortalte også om sitt eige forhold til fotball. Først som spelar på Hareid, på Hødd osv. Seinare som trenar for Hareid på 80-talet då HIL hadde si glanstid og endå slo Hødd i viktig kamp på Høddvoll.


HGH har ikkje gitt opp fotballen. I år starta han som trenar for A-laget på Hareid og meiner at han med sin bakgrunn har mykje å tilføre klubben og laget

Vi takkar Hans Gisle for eit artig og lærerikt innslag.

Referent: Sverre Bjåstad,

Referat frå Rotarymøte 21. februar 2022.

Denne møtedagen var det Odd Arne Holstad som stod for programmet, med sitt egoforedrag.



Odd Arne blei gjenopptatt som medlem i Hareid Rotary den 6. desember 2021, etter eit opphald på ca 6 år.

Før det går historia hans i Rotary heilt tilbake til 1987-88, då han vart med første gong.

Odd Arne er fødd og oppvaksen på Hareid, nærmere bestemt i Gamle Brandalsvegen 7.

Far til Odd Arne, Sigurd døde i 1960, berre 54 år gammal.

Å miste faren i ein alder av 9 år var vanskelig, men han fekk likevel ein god oppvekst.

Etter endt realskule gjekk vegen til Lillehammer, for vidare skulegong. Her budde systra til Odd Arne, med familie, og her fullførte han gymnasiet, som det heitte den gongen.

Etter avslutta eksamen og russetid, slo han seg saman med 5 gode skulekameratar og kjøpte ein folkevognbuss, som var både rimelig og i relativt dårlig stand.

Etter ein del arbeid med å gjere bilen i stand til utanlandstur, la dei i veg.

Første utfordring var Brøttumsbakkane, men med dei bak seg gjekk turen vidare til det store eventyret, i Europa. Med ungdommelig pågangsmot gjekk turen innom mange land og byar på veg til Venezia i Italia, der dei gjorde vendereis.

Til dømes vart det mange runder rundt Triumfbuen i Paris, før dei fekk summe seg og forstå kvar dei skulle. Likeins blei det tungt for den gamle folkevognbussen i bakkane opp til Brennerpasset i nord Italia, så tungt at alle bagasje måtte ut og berast siste stykket, medan bilen med sjáfør sleit seg oppe den siste biten.

Dei kom seg vel heim.

No var Odd Arne litt usikker på kva han skulle ta seg til, men det vart befalsskulen på Trandum.

Han hamna i stridsvognlinja, der dei nye Leopard stridsvognene nylig var anskaffa.

Han fekk reise til Tyskland på taktisk opplæring hos Bundeswehr i 3 veker og hugsar framleis ein god del av det han lærde der.

Så blei det pliktteneste på Andøya flystasjon.

Etter avslutta teneste på Andøya gjekk turen til Kristiansand, der han gjekk på teknisk økonomisk linje i 3 år.

Første sivile jobb var hos Alfsen og Gunderson, i Stavanger.

Her var han tilsett som prosjektingeniør.

Første åra var det arbeid med landbaserete anlegg, men då firmaet også satsa offshore vart Odd Arne med der.

Han traff nordfjordingen Berit i Stavanger, og dei gifte seg i 1981, og flytta til Hareid året etter.

No var Odd Arne distrikt leiar for A & G i Ålesund.

Etter fleire eigarskifte valde heile avdelinga i Ålesund å slutte og dei etablerte Nordvest Miljø seinare same året,

i 1993.

4 eigarar, med Odd Arne som daglig leiar.

Bedrifta gjekk godt, og i 1999 var dei oppe i 90 millionar i omsetning og ca 50 tilsette.

I 2019 valde dei å selge seg ut og gi stafettpinnen vidare til yngre krefter.

Bedrifta lever vidare med same namn, og med avdelingar i Ålesund, Ulsteinvik og Førde.

Vi takkar Odd Arne for eit svært interessant og humoristisk foredrag, som blei framført som ei fortelling, utan manus, bilete eller anna fiks-fakteri.

Referat frå Rotarymøte 28. februar 2022.

Programfritt møte.

Underteikna hadde ikkje høve til å vere til stades på dette møtet, men eg reknar med praten gjekk godt og at kaffien og vaflene smakte.